



Advokatene Ommundsen & Co
Jacob Kjødes veg 15
5232 PARADIS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1041 - 16/16287

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:
26.08.2016

GBNR 47/22 Opplysningar knytt til matrikkelføring av bygning.

Det blir vist til skriv dagsett 18.08.2016 og tidlegare korrespondanse. Som noverande matrikkelførar i kommunen skal eg prøva å svare på spørsmål som gjeld matrikkelføring av bygg på eigedomen.

Matrikkelen har som mål å vera mest mogeleg fullstendig og gjenspegla dei faktiske forholda, uavhengig av kva som er godkjent eller ikkje. Sjå Registreringsinstruks for matrikkelen 6.1 under pkt b) Difor inneheld matrikkelen både godkjende og ikkje godkjende bygg/ brukseiningar. Det har aldri vore slik at berre lovlege bygg/ brukseiningar skal førast i GAB/matrikkelen. Ulovlege bygg som er registrert i matrikkelen vert ikkje lovlege sjølv om dei er ført der.

Registrering av bygg i GAB starta i 1983, ved at kommunane fylte ut skjema for nye bygg, tilbygg og endringar og sende til Fylkeskartkontora for registrering. Slik innsending av skjema vart truleg praktisert til litt utpå 2000-talet.

Eldre bygg, slik som det er på denne eigedommen, vart først registrert ved massivregistrering i MA-Bygg prosjektet, gjennomført i åra 1993-1995. Dette var ei registrering som vart utført av kartverket etter manus frå kommunane. Her vart truleg bygget på eigedommen registrert med byggkode 99- «andre bygg». Dette er bekrefta på vedlagte liste over alle bygningar i Meland kommune skrivne ut frå Statens Kartverk Hordaland Dat. 1995-11-10.

Eigedommen var eigd av Pinsemenigheten Zion frå 07.02.1942 til førre eigar Gripsgård fekk tinglyst skøyte på denne eigedommen 05.09.1994. Då Gripsgård kjøpte denne eigedommen var altså bygget registrert som «andre bygg».

Kartverket v/ Elsrud har opplyst at bygget låg med bygningskoden 91- fritidsbygg då det vart konvertert til den 3-sifra bygningskoden 161- fritidsbygg i 1999.

Det har difor skjedd ei endring av bygningstype frå andre bygg til fritidsbygg mellom 1995 og 1999, etter at ny eigar hadde teke over eigedommen. Som før sagt er det ikkje nokon i kommunen i dag som kan gjera greie for kva årsaka til endringsmeldinga har vore og det er heller ikkje noko arkivert for denne eigedommen. Endringar i GAB kan ha vorte gjort ut frå opplysning frå eigar eller kjennskap til bygget.

Det var vanleg å leggja ein gjenpart av meldingar om føring som vart sendt til Statens kartverk i saksmappa, men for denne eigedommen har det ikkje vore registrert noko byggesak og det er difor ingen saksmappe å leita i. Det er no ca. 20 år sidan denne registreringa vart gjort, så det er lite truleg at kartverket heller har teke vare på slike skjema.

Det at det ikkje har vore noko byggesak på eigedommen 47/22, kan ha ført til at kommunen ikkje har reagert på statusen til dette bygget. Dei føringane som kommunen har gjort i ettertid har vore gjort ut frå den statusen bygget hadde i registeret; som tildeling av adresse- etter at det kom ut på ei feilliste frå kartverket over bygg som truleg skulle hatt adresse etter bygningstypen, og taksering for utrekning av eigedomsskatt i 2009 som vart utført av innleigde folk. Dette er oppgåver som har vore gjort av folk som ikkje har hatt noko med godkjenning etter Pbl å gjera eller hatt lokal kjennskap til dette konkrete bygget.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

GAB Rapport Statens Kartverk side 125 dat 10 nov 1995